



Arkivnr: 2016/9267-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		12.06.2018
Fylkestinget		12.06.2018

Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2018

Samandrag

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar. Denne saka gjeld slik regulering etter tariffoppgjeret i 2018.

Økonomi: Ubetydeleg verknad. Det er lagt til grunn i budsjettet at godtgjersla til folkevalde skal følgje lønsutviklinga i kommunesektoren.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,8 % pr. 1. mai 2018 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 936 900.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,8 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.05.2018

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I følge KS er årslønsveksten for kommunesektoren frå 2017 til 2018 rekna til 2,8 %.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å auke godtgjerslesatsane til folkevalde med 2,8 % frå 1. mai 2018. Utrekningsgrunnlaget vert auka frå kr 911 400 til kr 936 900. Det er fylkesvaraordføraren si godtgjersle som vert nytta som grunnlag for utrekningane.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert også auka med 2,8 %. Satsen for møtegodtgjersle vert etter dette kr 820.

Fylkestinget vedtok i desember 2013 at fylkesordføraren si godtgjersle skal regulerast i samsvar med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering.